

## Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordfører gav slikt svar:

Representanten Alexander Fosse Andersen har stilt desse spørsmåla:

1. I opplæringslova § 9-4 heiter det: «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen». Ligg digitale læremiddel hjå NDLA føre på bokmål og nynorsk til same tid i dag?

Alle læremiddel på ndla.no ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid med nokre få unntak:

- Læremiddel i Brønnefag er publisert berre på bokmål
- Kjeldetekstar er publisert i den målforma teksten opphavleg er skriven i

NDLA har publisert nokre mediekommentarar berre på bokmål. Kommentrarar til aktualitetsstoff er ferskvare og må ut så snøgt som råd. Det siste året er desse ikkje omsett grunna høgt arbeidstrykk i NDLA.

NDLA tekstar alle videoar på nynorsk og bokmål. Ein kan finne videoar på ndla.no med teksting i berre ei målform. Dette er videoar NDLA har henta vederlagsfritt frå andre.

2. Korleis har Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar jobba opp mot NDLA for å sikre at læremiddel skal liggje føre på begge målformene til same tid?

NDLA har eit medvite forhold til norsk språkpolitikk og rettar seg etter § 9-4 i opplæringslova. Der er det eit krav om å publisere i begge målformer, og dette er rotfesta i organisasjonen. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har heilt fram til 2018 vore direkte representert i styret for NDLA og har gjennom styret sett til at verksemda har utarbeidd den språkpolitikken som gjeld i dag. NDLA har eit eige arbeidslag med språkspesialistar, eit såkalla språkteam. Dei omset og kvalitetssikrar alt som vert publisert på ndla.no.

3. Kva gjer Vestland fylkeskommune for at læremiddel hjå NDLA skal liggje føre på begge målformene til same tid når dei nye læreplanane vert tekne i bruk hausten 2020?

For NDLA gjeld det same kravet om parallelle utgåver i begge målformer også for fagfornyninga. I tillegg er det nedfelt eit utvida krav til såkalla universell utforming, som medfører utvida krav til teksting. Vestland fylkeskommune har så langt ikkje sett behov for å minne styret på krava i opplæringslova